

(Logo)

## INVITASJON

Knarvik, februar 2014

### Til bebuarar og andre i området ved gamle Fv565 i Isdalstøbakken

I september 2009 vart ny omkøyringsveg på fylkesveg 565 opna i Isdalstø mellom anna for å lette påkjeninga vegen forbi Hordasmia har hatt dei siste åra med omsyn til trafikk. Samstundes tilrådde Statens vegvesen at denne parsellen skulle omklassifiserast til kommunal veg.

I Hordaland fylkeskommune vart det gjort fylgjande vedtak 17.04.2013 ( Sak 201106855-3):

*«Fylkesutvalet vedtek at parsell av fylkesveg 565, hp 01, frå km pel 0 til km pel 0,65 i Lindås kommune vert omklassifisert til kommunal veg. Dato for overføring vert sett til 01.11.2013.»*

I februar 2013 vart det gjennomført felles synfaring av Statens vegvesen og Lindås kommune. Eit av dei vesentlege punkta frå kommunen vart å få sett ned farten til 30 km/t og etablera fartshumpar for at det tidsmessig ikkje skulle lønne seg å nytte seg av ulovleg gjennomkjøring her.

Desse tiltaka er pr. i dag ikkje utført. Ein årsak her er tvil om dette er rette løysinga.

Det har frå bebuarane i området vore rapportert så mykje uvettig trafikk i området at det er ynskje om å få vegen fysisk stengd i krysset mot Fv57 ved vegen til Isdalstø kai. Dette synspunktet er i strid med ynskja frå dei som driv med næringsverksemd i området.

Det har også vore fremma forslag om delvis stenging av vegen med framkomst for mindre køyretøy til og frå Isdalstø kai samstundes som løysinga gjer det fysisk vanskeleg med gjennomkjøring.

Med bakgrunn i ovannemnte problemstillingar inviterer Lindås kommune bebuarar og andre i området inn til møte for å diskutere og få tilbakemeldingar på aktuelle trafikkløysingar.

Med på møtet vert også representantar frå Lensmannen og frå Statens Vegvesen.

Vel møtt !

**Tid: Tysdag 4.mars 2014 kl 20-21**

**Stad: Nordhordlandshallen, kantina**